

Årsplan 2014

Innleiing

Det overordna målet for Norsk Ordbok 2014 (NO 2014) er å produsera manuskript til Norsk Ordbok. I 2014 er hovudmålet for organisasjonen å gjera seg ferdig med det 12. og siste bandet i rekkja. Dei to viktigaste føresetnadene for at det skal la seg gjera, er at redaksjonen ikkje mister medarbeidarar på tampen av prosjektperioden og at alle ledda i redaksjonen held dei mange delmåla som er sette opp for framdrifta også gjennom band 12-produksjonen. Dette hovudmålet er sett opp først i plandokumentet. Dei delmåla som følgjer, skal alle – direkte eller indirekte – støtta opp om hovudføremålet med verksemda. Alle prioriteringar av delmål gjennom året skal gjerast ut frå at me skal kunna nå hovudmålet for prosjektorganisasjonen.

Redaksjonen kjem også i 2014 til å arbeida med tiltak som betrar vilkåra for effektiv redigering og sikrar stabilt tilgjenge til dei utvikla ressursane over tid. Dette skal primært skje gjennom å få på plass dei siste brikkene av det store arbeidet med nyskriving av det digitale produksjonssystemet i Java (jf. delkapittelet ”Utvikling av verktøy”) og gjennom å gjera meir tilfang digitalt tilgjengeleg (jf. delkapittelet ”Utviding og forbetring av tilfang”). For å leggja til rette for å halda på staben fram mot endeleg sluttdato for prosjektet er det også vesentleg at organisasjonen kan tilby relevant opplæring og kompetanseutvikling (jf. delkapittelet ”Formidling, informasjon og kompetanseheving”). Ikkje minst er det viktig at organisasjonen gjev vilkår for å sikra eit godt arbeidsmiljø og gode fysiske rammer for arbeidet (jf. punkt 2 i planen). Hovudtyngda av tiltaka som gjeld utvikling av verktøy og tilrettelegging av materiale, blir utførte gjennom dei produkta og tenestene Eining for digital dokumentasjon (EDD) leverer oss, gjennom bruk av konsulenttenester på korpussida og gjennom bruk av assistentar som utfører redaksjonell støttefunksjon. Ein del av tiltaka i årsplanen for 2014 føreset dessutan ekstern finansiering.

Dei to årsverka EDD leverer til NO 2014 vil dette året gå med til å sikra den daglege drifta og til å syta for å fullføra arbeidet med nyskriving av redigeringsapplikasjonen. På årsplanen for samarbeidet mellom NO 2014 og EDD dette året står også vidare arbeid med elektronisk Norsk Ordbok (eNO) på nett.

For at Norsk Ordbok skal bli utgjeven etter planen, er det ein føresetnad at prosjektet greier å halda på dei spisskompetente medarbeidarane ut prosjektperioden. Det er heilt vesentleg at organisasjonen set i verk naudsynte tiltak for å hindra tap av høgt kvalifisert arbeidskraft (jf. pkt. 3f). Det er i denne samanhengen ein føresetnad at organisasjonen også i 2014 prioriterer arbeid med tiltak som kan føra fram til nye leksikografiske prosjekt etter 2014 (jf. pkt. 5).

Eit viktig delmål i arbeidet med Norsk Ordbok har vore å gjera prosjektet og produkta våre synlege for ålmenta (sjå delkapittelet om formidling). I 2014 deltek NO 2014 i 200-årsfeiringa

av den norske grunnlova, og prosjektorganisasjonen er inne i Stortingets hovudprogram for feiringa. Me ønskjer å bruka dette som eit høve til å formidla sambandet mellom språkleg mangfald, språkleg fridom og demokrati.

Me kjem i 2014 også til å satsa mykje på foredrag på fagkonferansar som er viktige frå eit formidlings- og kompetansebyggingssynspunkt.

Ambisjonsnivået når det gjeld både hovudmål og delmål i årsplanen reflekterer løyvingsnivået organisasjonen har. Med eit svært stramt budsjett vil det vera naudsynt å prioritera vekk tiltak det ville vore av stor verdi å få på plass på slutten av prosjektet, men som det ikkje let seg gjera å gjennomføra. Me skulle gjerne ha funne plass til å utarbeida ei brukarretteiing for både den trykte ordboka og den digitale nettversjonen av verket, men det er uråd å få til innanfor dei økonomiske rammene organisasjonen har dette året.

Hovudmål for 2014

1. Redaksjonen skal ferdigstilla band 12 av Norsk Ordbok til 1. desember 2014.	
2. Redaksjonen skal nyskriva 478 sider manuskript til det 12. og siste bandet.	
3. Me skal føra 729,3 sider av band 12 gjennom alle ledd av den redaksjonelle kvalitetkontrollen.	

Delmål

Rammevilkår

1. Finansiering og organisering

1.1 Finansiering

Mål 2014	
a) Me vil søkja KUD om midlar over statsbudsjettet 2015 innan fristen 1. mars.	
b) Me vil søkja KUD om ei tilleggsøyving for budsjettåret 2015, til bruk på å arbeida ut ei ny brukarretteleing som kan følgja det fullførte verket.	
c) Me vil arbeida for at prosjektet blir sikra tilstrekkelege inntekter til å dekkja løns- og driftskostnader i 2014.	
d) Me vil søkja finansiering til arbeidsoppgåver knytte til tilrettelegging av materiale og vidare arbeid med digitale løysingar gjennom aktuelle utlysingar i perioden (jf. pkt. 3c, 7e, 9a, 11f og 13).	

1.2 Organisering

Mål 2014	
a) Me vil vidareføra arbeidet for at den språklege samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av UiO.	
b) Me skal i samarbeid med ILN laga ferdig planane for ein permanent post 2014-organisasjon for vedlikehald og utvikling av eNO-databasen.	
c) Manuskriptkontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør (men jf. pkt 1d).	
d) Me vil vidareføra ordninga med at redaktørar utan kollegalesingsoppgåver får tilbod om å kollegalesa manus frå røynde	

kollegaer. Målet med tiltaket er vidare kvalifisering.	
e) Me vil arbeida for å vidareføra god og regelmessig kontakt med ILN og HF.	

2. Lokalisering og arbeidstilhøve

Mål 2014	
a) Me skal arbeida kontinuerleg for å sikra eit godt fysisk og sosialt arbeidsmiljø for redaksjonsgruppene både i Oslo og Trondheim.	
b) Me skal følgja opp dei oppgåvene som framleis står att etter flyttinga til GA30 (betre skilting av rømmingsvegar, solskjerming etc.)	

3. Personale

Mål 2014	
a) Me vil setja i verk tiltak for å omsetja ubrukte månadsverk mest mogleg effektivt i nytt redaksjonelt arbeid.	
b) Me vil halda nær kontakt med ILN om å ta inn MA-studentar som vel arbeidslivsrelevant MA.	
c) Me vil engasjera hjelp for å utføra ymis redaksjonell støttefunksjon (tagging, normering etc.).	
d) Me vil forsøka å få minimum 25 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga vår.	
e) Me skal arbeida for å sikra stabilitet og framdrift i det redaksjonelle arbeidet.	
f) Me vil arbeida for å få vidareført den eksternfinansierte assistentordninga i trondheimsredaksjonen.	

Manusarbeid

4. Band 12

Mål 2014	
a) Band 12 skal ferdigstillast til 1. desember 2014.	
b) Til band 12 skal det utarbeidast innleiingstekst innan 1. november.	
c) I staden for å publisera tillegg til bibliografien band for band vil me halda NO-bibliografien oppdatert på nettet (jf. òg pkt. 4d).	

d) Me vil samarbeida med Samlaget om ein plan for utarbeiding av ei oppdatert brukarrettledning med fullstendig bibliografi til det fullførte verket, slik at den på sikt kan følgja verket (jf. pkt. 1.1.b).	
e) Me skal i perioden 1.1.-15.10.14 nyredigera 478 sider av band 12.	
f) Kvalitetskontrollen av artikkelmaterialet skal skje kontinuerleg (sjå òg hovudmål 3).	
g) Me skal prioritera fullføring av bolkar høgt, slik at me ikkje risikerer at medarbeidarar sluttar med ufullførde bolkar.	
h) Me skal omfordela bolkar omgåande dersom det er redaktørar som ikkje kan redigera ferdig eigne arbeid.	
i) Me skal leggja til rette for god kommunikasjon mellom redaktørar som har bolkar som overlappar kvarandre.	

5. Arbeid med prosjektverksemd post 2014

Mål 2014	
a) Me skal arbeida vidare med planen for eit post 2014-prosjekt for revisjon og fullelektronisk integrering av band 1–5 av Norsk Ordbok.	
b) Me skal arbeida vidare med å få på plass finansiering til eit prosjekt for revisjon og digital integrering av dei eldste banda etter 2014.	
c) Me vil arbeida for å synleggjera kompetanse, metode og ressursar NO 2014 rår over, og vil i perioden marknadsføre dette for eit breiare norsk og internasjonalt forskarnettverk.	
d) Me vil vidareføre arbeidet med å leggja til rette for nye dialektologi- og leksikografiprojekt i Trondheim for dei tilsette i redaksjonsgruppa ved NTNU etter 2014.	
e) Me vil bidra til å styrkja arbeidet med nye leksikografiske prosjekt etter fullføringa av Norsk Ordbok 2014, slik St.meld. 35 (2007-08) legg til grunn.	
f) Me vil identifisera andre aktuelle post 2014-prosjekt og diskutera desse med relevante samarbeidspartnarar (Språkrådet, Samlaget, Språkbanken, Aasen-tunet, Allkunne.no., Norsk Lokalhistorisk Institutt osv.).	

Utvikling av verktøy

6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2014	
a) Arbeidet med nyskriving av redigeringsapplikasjonen i Java skal fullførast og funksjonalitetsforbetringar skal innarbeidast.	
b) NO 2014 skal levera spesifikasjonar til redigeringsapplikasjonen og gje laupande respons til utviklingsarbeidet EDD gjer på programmeringssida.	

7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2014	
a) Me skal arbeida vidare med å få etablert ei avtale om rettane til den digitale ordbasen etter 2014.	
b) Me skal arbeida med å vidareutvikla søkjefunksjonalitet og utarbeida avansert søk for Norsk Ordbok på nett.	
c) Det skal gjerast vidare arbeid med kartvisningar i nettutgåva av verket, slik at me på ein best mogleg måte får visualisert målførevariasjon og heimfestingar.	
d) Nettstadgruppa skal arbeida vidare med funksjonalitet og utforming av Norsk Ordbok på nett med hjelp frå ekstern responsgruppe.	
e) Me vil kjøpa eksterne tenester som kan gjera utsjånaden på NO 2014-nettsida endå meir funksjonell.	
f) Me vil marknadsføra nettutgåva av Norsk Ordbok og vil i perioden arbeida med å få samarbeidande organiasjonar, mediehus osv. til å leggja ut lenkje til NO 2014 på nettsidene sine.	

8. Setelarkivet (SA)

Mål 2014	
a) Me tek sikte på å registrera 15 000 nye oppslag i SA i 2014.	
b) Me skal få på plass ei juridisk vurdering av kva tilgjenge me har til å publisera lyd- og biletefiler i den nye setelapplikasjonen.	
c) Me skal arbeida vidare med digitalisering av svarlistene til Trønderordboka ved NTNU. Tiltaket har ekstern finansiering.	

9. Målføresynopsisen

Mål 2014	
a) Me vil arbeida for å få fullført registreringa av synopsisprotokollar frå Vestlandet og Nord-Noreg. Registreringsarbeidet skal gå føre seg v/timeløna assistent og føreset ekstern finansiering.	

10. Redigeringshandboka

Mål 2014	
a) Me vil revidera redigeringshandboka på dei punkta der evaluering av arbeidet med verket viser at det trengst endringar og presiseringar.	
b) For å nå måla i 10 a) vil me bruka redaksjonsseminaret til å drøfta redaksjonelle problemstillingar.	
c) Me skal ha ei kontinuerleg utbygging og innarbeiding av redaksjonelle vedtak i redigeringshandboka gjennom heile året.	
d) Me vil publisera redigeringshandboka på NO 2014-nettsidene.	

Utviding og forbedring av tilfang

11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2014	
a) Me vil i perioden prioritera tekstar som andre delar av forskarmiljøet på ILN ønskjer å få tilgjengelege digitalt.	
b) Me vil i perioden prioritera vidare innlegging av barne- og ungdomslitteratur og matkulturtekstar (til Matkulturwiki-prosjekt) i korpuset.	
c) Me vil supplera korpuset vårt med vitskapleg litteratur som kan støtta opp om LUNAS-prosjektet for utarbeiding av ei norsk akademisk ordliste.	
d) Me skal kursa dei redaksjonelle medarbeidarane som ønskjer det, i tagging av tekst for innlegging i tekstkorpuset.	
e) Me skal arbeida med å laga avtalar med rettshavarane til materiale me ønskjer å leggja inn i det nynorske tekstkorpuset. Arbeidet med å få på plass med rettshavarar til artikkelmaterialet i Norsk Allkunnebok vil framleis bli prioritert.	
f) Om me får tilgjengelege midlar, vil me	

engasjera sommarhjelp for å tagga meir tekst for innlegging i korpuset.	
g) Me skal arbeida vidare med korpusfunksjonalitet og korpusvisingar på Norsk Ordboks nettsider.	
h) Me vil driva vidareutvikling korpuset i samarbeid med Språkbanken.	

12. Metaordboka

Mål 2014	
a) Me vil halda oppe ei kontinuerleg normering av Metaordboka (MO). I desember 2014 vil det bli sett i gang arbeid med rydding på alfabetbokstavane <i>f-h</i> , for å leggja til rette for eit revisjonsprosjekt (jf. pkt. 4e)	
b) Me skal kopla alle ukopla normalartiklar i NO-basen til MO, og finna ei løysing for kopling av artiklar med to (eller fleire) oppslag. Dette arbeidet må stå på vent til redigeringa av band 12 er fullført.	
c) Me vil arbeida vidare med ein metode for å kopla belegg frå eksisterande og kommande målføreresursar (Nordisk Dialektkorpus, LIA-korpuset) opp mot MO.	

13. Digitale kart

Mål 2014	
a) Me vil arbeida vidare med funksjonalitet for vising av kart i nettversjonen av Norsk Ordbok.	

14. Nytt tilfang

Mål 2014	
a) Me vil kartleggja og samla inn lokale ordsamlingar som kjem i perioden.	
b) Me vil i samarbeid med EDD utvikla eit nettbasert innsamlingsskjema for ordsamling i lokalmiljø over heile landet. Arbeidet tek utgangspunkt i lett-applikasjonen som er utvikla til bruk på Forskingstorg og i andre formidlingssamanhengar.	

15. Ordbokshotellet

Mål 2014	
a) Me vil tilretteleggja Ross og Aasen for digital publisering i Ordbokshotellet.	
b) Me vil publisera digitaliserte ordsamlingar i Ordbokshotellet.	

c) Me vil arbeida vidare med korrekturlesing og tagging av Norsk Allkunnebok, band 6-10 til publisering i Ordbokshotellet.	
--	--

16. Sikring av bibliotek, gjenstandar og immaterielle eigedelar knytte til NO 2014

Mål 2014	
a) Me vil arbeida med ei permanent oppstilling av dei to store ILN-biblioteka som følgjer NO 2014 (leksikografibiblioteket, målførebiblioteket) etter prosjektslutt.	
b) Det må setjast i verk ei vurdering og ei sikring av NO 2014s bibliotekressursar ved NTNU. Som eit ledd i dette arbeidet må det lagast ei inventarliste over kva som høyrer til NTNU, kva som høyrer til UiO og kva som høyrer til Språkrådet v/Stadnamntenesta.	
c) Me vil samarbeida med MUV (Museum for universitets- og vitskapshistorie) om langsiktig ivaretaking av unikagjenstandar som høyrer til NO 2014 og Målførearkivet.	
d) Det må i perioden setjast inn tiltak for å sikra dei fysiske arkiva som høyrer med til NO 2014/Språksamlingane.	
e) Me vil i samarbeid med ILN og NB syta for at det blir gjort ein gjennomgang av alle kontraktar som er forhandla fram i NO 2014-perioden.	

Formidling, informasjon og kompetanseheving

17. Formidling og informasjon

Mål 2014	
a) Me skal planleggja og gjennomføra NO 2014s jubileumsarrangement til 200-årsfeiringa av den norske grunnlova.	
b) Me vil levera materiale til forskning.no si ordspalte.	
c) Me vil forsøka å få til ei digital 360-graders visning av bunaddokka til NO 2014-nettsida. Denne skal ha aktive lenker inn i ordartiklane som skildrar dei ulike plaggdelane, teknikkane og mønstera.	
d) Me vil delta på Fagleg-pedagogisk dag for lærarar i vidaregåande skole i oktober 2014.	
e) Me vil delta på Open dag for elevar frå vidaregåande skole i mars 2014.	

f) Me vil delta på Forskningstorget i Oslo i september 2014. Tema: Grunnlovsfeiringa.	
g) Me vil vera representerte i forum som kan gagna prosjektet, og som ikkje går på tvers av framdrifta. Døme er Nynorsk forskarnettverk, seminar for nye masterstudentar, Nynorsk forum, forskargruppa i leksikografi ved ILN osv.	
h) Me vil utvikla ei artikkelsamling med ”tunge ord” frå NO som kan lesast av ikkje-leksikografar. Tiltaket skal vera ei framvising av NO-tekst som original lingvistisk forskning) og må skje i samarbeid med ILN.	
i) Me ønskjer å få Samlaget med på å laga ei bok med forfattarfesttalane frå NO 2014-lanseringane (Fløgstad, Fosse, Hoem, Økland, Nilssen, Basso). Boka skal følgja det ferdige trykte verket.	
j) Me skal planleggja feiringa av det fullførte verket som skal finna stad tidleg i 2015.	

18. Kompetanseheving

Mål 2014	
a) Me vil vidareføra redaksjonsseminaret og bruka seminaret til å tematisera sentrale redaksjonelle problemstillingar.	
b) Me vil vera representerte med foredrag på norske og internasjonale konferansar.	
c) Me vil arrangera sommarseminar og juleseminar med eksterne foredragshaldarar.	
d) Dei som har behov for det, skal kursast i ny Office-programvare (PowerPoint, Excel etc.).	
e) Me vil arbeida for å få fram individuelle forskingsprosjekt med tilknytning til den digitale basen vår.	
f) Me vil arbeida med kompetansekartlegging og karriereutvikling for staben med tanke på oppgåver post 2014.	
g) Me vil utarbeida dokumentasjon til alle redaktørar på artikkelproduksjonen som vitskapleg meritterande etter gjeldande kriterium i UH-sektoren.	